

Fellesmøte Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd

Felles møte med Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd 2. mai 2017

Stad: Ikornnes kyrkje, kl. 19.00

Til stades: Erlend Lunde, Trygve Ebbesvik, Elin Hellebostad Våtmyr, Per Gunnar Ulla, Ina Grøvik, Irene Høybakk, Anne Rita Kvistad, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Liv Hole, Bjørg Djupvik Grebstad, Liv Hole, Janne Svindseth, Monica Breivik Orre og Knut Henning Aursnes.

I tillegg møtte Arild Sporsheim. Katrine Numme møte til F-sak 2.

Møtet vart opna av sokneprest Erlend Lunde, som las frå Luk. 6 og knytte dette opp mot 1. mai-feiringa, nåde og miskunn, og avslutta innleiinga med bønn.

Deretter gjekk sokneråda over til handsaming av sakene på saklista.

F-sak 1/17 Diakoniutval/diakoniplan

Trygve Ebbesvik innleia og kom med innspel til diskusjon i sokneråda om diakoniutval og diakoniplan. Biskopen har pålagt sokneråda om å kome med ein diakoniplan innan utgangen av 2017.


Den kyrkjelege diakonien er: Nestekjærlek, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp om rettferd for alle. Det må vere ein heilheitleg plan, og det manglar kyrkjelydane.

Vedtak: Sokneråda i Sykkylven og Ikornnes vedtok einstemmig å opprette eit diakoniutval som skal bestå av to medlemmer oppnemnt av Sykkylven sokneråd, to medlemmer oppnemnt av Ikornnes sokneråd, prest Erlend Lunde og ein person frå ungdoms- og trusopplærarane.

Diakoniutvalet får i oppgåve å utforme ein diakoniplan som skal leggjast fram for godkjenning av sokneråda.

F-sak 2/17 Trusopplæringsutval / Born- og ungdomsråd

Katrine Numme og Monika B. Orre innleia saka og kom med innspel til diskusjon. Det har vore mykje vakans på stilling til trusopplærar og vanskeleg å finne medarbeidrarar. Dette gjer trusopplæringa for born- og ungdom sårbar om nokon av dei tilsette sluttar. Vi treff godt på kor, men ikkje så godt på andre som ikkje ønskjer å delta der. Innleiarane trakk fram at vi har staben, men saknar ei gruppe der ein kan finne personar som kan vere med på borne- og ungdomsarbeidet. Det er viktig å bygge stabilitet og eit fast team og deretter få med fleire og fleire. Staben skal ikkje gjere alt, men vere mentor og støtte.



Fellesmøte Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd

Fellesskapet mellom dei som driv med borne- og ungdomsutval er viktig, men det er sakna ein møteplass der ein kan utveksle erfaringar. Difor vart det foreslått å ha eit felles trusopplæringsutval for Sykkylven og Ikornnes. Mandatet til gruppa har ein ikkje tenkt på, men dette vil ein kome tilbake til, gjerne som eit forslag frå gruppa sjølv. Trusopplærar treng menneske som støttar og oppmunstrar og eit sokneråd som bryr seg og ser arbeidet som vert lagt ned i trusopplæringa.

Vedtak: Sokneråda i Sykkylven og Ikornnes vedtok einstemmig å gje Anna Myklebust, Katrine Numme, Monika B. Orre og ein representant frå Ikornnes sokneråd i oppgåve å samle saman personar som skal vere medlemmer i eit felles trusopplæringsutval for Sykkylven og Ikornnes. Utvalet skal vere eit fellesskap mellom dei som driv med borne- og ungdomsarbeid og ein møteplass der ein kan utveksle erfaringar. Utvalet får i oppgåve å foreslå sitt eige mandat ovanfor sokneråda.

F-sak 3/17 Avvikling av bankkontoar


Kyrkjeverjen syner til at den daglege rekneskapsføringa for både Ikornnes sokneråd, Sykkylven sokneråd og Sykkylven kyrklege fellesråd over tid har vorte samla. Dette gir mellom anna betre oversikt og er mindre ressurskrevjande. I samband med årsavslutninga blir rekneskapstala for det respektive råd trekt ut og avslutta som tre separate aktivitetsresultat. Som eit neste ledd i denne endringa foreslår kyrkjeverjen å avvikle bankkontoane til Ikornnes sokneråd (3910.26.35306) og Sykkylven sokneråd (3910.26.35330). Avviklinga gjeld berre driftskontoane, ikkje fondskontoane til dei respektive sokneråda.

Vedtak: Sokneråda i Sykkylven Ikornnes vedtar å avvikle driftskonto 3910.26.35306 og 3910.26.35330 i Sparebanken Møre. Dette som eit ledd i samkøyringa av dei to sokneråda og kyrkleg fellesråd sine rekneskap i den daglege rekneskapsføringa. Dette påverkar ikkje dei respektive råda sine uavhengige rekneskap som ved årsavslutninga blir avslutta kvar for seg.

F-sak 4/17 Søknad frå Sykkylven Speidargruppe

Sykkylven speidargruppe skal til Bodø på landsleir. Om lag 35 speidarar og leiarar har meldt seg på so langt. Dei ber om støtte med kr 10.000,- frå kvart av sokneråda.

Vedtak: Sokneråda i Sykkylven og Ikornnes ser på Speidararbeidet som svært viktig og verdifullt. Sokneråda vedtok einsteig å løyve meir pengar enn søkt, og støttar Sykkylven Speidargruppe med kr 15.000,- frå kvart av sokneråda.



Fellesmøte Sykkylven sokneråd og Ikornnes sokneråd

Eventuelt:

- Det vert felles møte i Sykkylven kyrkje den 13. juni kl. 19.30 om dåpsliturgi og konfirmantundervisning. Ansvarleg for å legge frem forslag til dåpsliturgi er Erlend Lunde og ansvarleg for forslag til konfirmantopplegg er Katrine Numme.

Referent: Knut Henning Aursnes